



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Prop. 126 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 20. juni 2014,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Bakgrunn

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 av 8. april 2014 vart vedlegg XX (Miljø) til EØS-avtala endra. Endringa vart gjord for å innlemme kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 om endring av vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket.

Avgjerda i EØS-komiteen vart teken med atterhald for Stortingets samtykke til godkjenning, ettersom gjennomføringa i norsk rett gjer det naudsynt med lovendring, jf. Grunnlova § 26 andre leddet.

Avgjerda i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### 2 Generelt om kommisjonsforordninga

EU-miljømerket (EU Ecolabel) vart innført ved rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992, og vart seinare vidareført i forordning (EF) nr. 66/2010 (miljømerkeforordninga). EU-miljømerket er ei frivillig merkeordning. Produkt, dvs. varer og tenester, kan få miljømerket når dei til-

fredsstillar visse minstekrav som er fastsette i såkalla kriteriedokument. Kriteria skal utformast slik at det i størst mogleg grad vert teke heilskapleg omsyn til miljøaspekta ved det einskilde produktet. Produsentar som søker om å få merkt produkta sine med miljømerket, må dokumentere at produkta tilfredsstillar ei rekkje strenge helse- og miljøkrav.

Føremålet med miljømerkeforordninga var å skape eit heilskapleg og effektivt miljømerkesystem i Europa. Gjennom informasjon om korleis produkt verkar inn på miljøet, skulle forbrukarane bli i stand til å treffe gode miljøval. Det var òg venta at ordninga ville stimulere til produksjon og marknadsføring av dei produktalternativa som har minst negativ innverknad på miljøet.

Bakgrunnen for kommisjonsforordninga er mellom anna å auke bruken av EU-miljømerket og oppmuntre dei som har produkt som fyller kriteria for merket. For å oppnå dette bør kostnadene som er knytte til bruk av merket, vere så låge som mogleg, men likevel tilstrekkelege til at dei dekkjer kostnadene til drift av ordninga. Miljømerkeforordninga gjer det mogleg å auke høgstegebyra der dette er naudsynt og føremålstenleg.

Vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket gjeld gebyr som er knytte til merkeordninga.

Ved kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 vert vedlegg III til forordning (EF) nr. 66/2010 bytt ut med teksta i vedlegget til førstnemnde forordning.

### 3 Nærmare om innhaldet i kommisjonsforordninga

Ved kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 vert vedlegg III til forordning (EF) nr. 66/2010 bytt ut med teksta i vedlegget til førstnemnde forordning. Vedlegget er inndelt i nummer.

*Nr. 1 gjeld søknadsgebyr.* Dette gebyret skal vere på minst 200 og høgst 2 000 euro. Systemet med ulike gebyr, basert på storleiken på føretaka, vert vidareført. For små og mellomstore føretak og marknadsdeltakarar i utviklingsland skal søknadsgebyret ikkje overstige 600 euro. For svært små føretak skal søknadsgebyret ikkje overstige 350 euro. Søknadsgebyret kan reduserast med 30 % for søkjarar som er registrerte i fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), eller er sertifiserte i samsvar med ISO-standard 14001. Dersom vilkåra i begge ordningane er oppfylte, skal berre den største reduksjonen nyttast. Det kan påleggjast eit gebyr for endring eller forlenging av ein lisens. Eit slikt gebyr kan ikkje vere høgare enn søknadsgebyret.

*Nr. 2 gjeld årleg gebyr* for søkjarar som har fått tildelt eit EU-miljømerke. Dette skal vere eit fast eller eit omsetningsbasert gebyr. Det årlege gebyret som ein søkjar skal betale, vert auka til høgst 25 000 euro per produktgruppe per søkjar. Det omsetningsbaserte gebyret skal ikkje overstige 0,15 % av omsetninga til det miljømerkte produktet.

I nr. 3 er det fastsett at det kan påleggjast eit *inspeksjonsgebyr*. Dette er eit nytt gebyr, jamført med den tidlegare ordninga.

### 4 Avgjerda i EØS-komiteen

I samsvar med avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 av 8. april 2014 skal vedlegg XX (Miljø) til EØS-avtala endrast.

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 av 8. april 2012 inneheld ein innleiing og fire artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala, og særleg artikkel 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

*Artikkel 1 nr. 1* slår i fast at vedlegg XX til EØS-avtala vert endra ved at følgjande vert lagt til nr. 2a (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010):

«32013 R 0782: Kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 (EUT L 219 av 15.8.2013, s. 26).»

*Artikkel 2* slår fast at teksta i forordning (EU) nr. 782/2013 og avgjerd 2013/641/EU på islandsk og norsk, som vil bli kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal vere gyldig.

*Artikkel 3* slår fast at avgjerda tek til å gjelde 9. april 2014, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

*Artikkel 4* slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

### 5 Tilhøvet til norsk rett

Forordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket er gjennomført i norsk rett ved at § 9 første leddet i lov 18.12.1981 nr. 90 om merking av forbruksvarer mv. (forbrukarmerkelova) fastset at vedlegg XX nr. 2 a til EØS-avtala (forordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket) gjeld som lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg XX protokoll 1 til avtala og avtala elles. Denne føresegna må endrast, slik at det går fram at òg kommisjonsforordning (EU) 782/2013 gjeld som lov.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet vil leggje fram ein proposisjon med dei naudsynte lovendingane.

### 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Stiftinga Miljømerking vert finansiert delvis ved tilskot frå det offentlege og delvis ved gebyr frå næringsdrivande som søker om å nytte miljømerke. Stiftinga Miljømerking reknar med at innføringa av eit nytt gebyrsystem vil føre til at inntektene til stiftinga vil verte reduserte med om lag 135 000 kroner i året. Inntektene til stiftinga frå EU-miljømerket var 425 632 kroner for 2013. Inntektene til stiftinga frå Svanemerket var 17,441 millionar kroner for 2013.

Det nye gebyrsystemet er ikkje venta å medføre særleg store kostnader for det offentlege.

Det nye gebyrsystemet vil føre til at verksemdar med høg omsetning av miljømerkte produkt i større grad vil bidra med eit høvesvis større tilskot til drifta av EU-miljømerket enn verksemdar med liten omsetning av slike produkt.

## 7 Konklusjon og tilråding

---

Føremålet med det nye gebyrsystemet til miljømerkeforordninga er både å auke bruken av EU-miljømerket, og å gje eit incitament til dei som har produkt som oppfyller EU-miljømerkekriteria, til å søkje.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet tilrår godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtalen av kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 om endring av vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 om

EU-miljømerket. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket, i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd  
i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtala  
av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket**

I

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket.

---

**Vedlegg 1**

## **Kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 om endring av vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket**

(Uoffisiell oversettelse)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR –

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>1</sup>, særleg artikkel 15, og ut frå desse synsmåtene:

- 1) For å auke bruken av EU-miljømerket og oppmuntre dei som har produkt som oppfyller kriteria for EU-miljømerket, bør kostnadene knytte til bruk av EU-miljømerket vere så låge som råd, men likevel tilstrekkelege til at dei dekkjer kostnadene til drift av ordninga for tildeling av EU-miljømerke.
- 2) Forordning (EF) nr. 66/2010 gjer det mogleg å auke høgstegebyra der dette er naudsynt og føremålstenleg.
- 3) Dei rette organa har utført ei intern evaluering for å vurdere om det gjeldande nivået på gebyra er tilstrekkeleg til å omfatte alle dei oppgåvene som dei er bedne om å utføre i samband med drifta av ordninga for tildeling av EU-miljømerke.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 –

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

### Artikkel 1

Vedlegg III til forordning (EF) nr. 66/2010 vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne forordninga.

### Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærda i Brussel, 14. august 2013.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

### Vedlegg

#### «Vedlegg III

##### 1. Søknadsgebyr

Det rette organet som tek imot ein søknad, skal krevje inn eit gebyr for handsaminga av søknaden. Dette gebyret skal vere på minst 200 euro og høgst 2 000 euro.

Når det gjeld små og mellomstore føretak<sup>2</sup> og marknadsdeltakarar i utviklingsland, skal søknadsgebyret ikkje overstige 600 euro.

Når det gjeld svært små føretak<sup>3</sup>, skal søknadsgebyret ikkje overstige 350 euro.

Søknadsgebyret skal reduserast med 30 % for søkjarar som er registrerte i fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), eller med 15 % for dei som er sertifiserte i samsvar med ISO-standard 14001. Reduksjonane er ikkje kumulative. Dersom vilkåra i begge ordningane er oppfylte, skal berre den største reduksjonen nyttast.

<sup>2</sup> Små og mellomstore føretak og svært små føretak, slik det er definert i kommisjonsrekommendasjon 2003/361/EF av 6. mai 2003 (TEU L 124 av 20.5.2003, s. 36).

<sup>3</sup> Svært små føretak, slik det er definert i rekommendasjon 2003/361/EF.»

<sup>1</sup> TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

Reduksjonen er avhengig av at søkjaren uttrykksleg pliktar seg til å sikre at dei miljømerkte produkta fullt ut oppfyller dei relevante kriteria for EU-miljømerket i heile perioden som avtala gjeld for, og at denne plikta vert innarbeidd i miljøpolitikken og dei enskilde miljømåla på ein tilfredsstillande måte.

Dei rette organa kan påleggje eit gebyr for endring eller lenging av ein lisens. Eit slikt gebyr skal ikkje vere høgare enn søknadsgebyret, og dei reduksjonane som er nemnde ovanfor, skal òg nyttast.

Søknadsgebyret omfattar ikkje kostnader til prøving og kontroll som vert utført av tredjemann, og eventuelle inspeksjonar på staden som tredjemann eller eit rett organ kan krevje. Søkjarane skal sjølve betale kostnadene i samband med slike prøvingar, kontrollar og inspeksjonar.

## 2. Årleg gebyr

Det rette organet kan krevje at kvar søkjar som har fått tildelt eit EU-miljømerke, skal betale eit årleg gebyr. Dette kan vere eit fast gebyr eller eit gebyr som er fastsett på grunnlag av den årlege salsverdien i Unionen av produktet som har fått tildelt EU-miljømerket.

Gebyret skal dekkje eit tidsrom som tek til den dagen då søkjaren får tildelt EU-miljømerket.

Dersom gebyret vert utrekna som ein prosentdel av den årlege salsverdien, skal det ikkje overstige 0,15 % av denne verdien. Gebyret skal fastsetjast på grunnlag av prisar ab fabrikk, dersom produktet som er tildelt EU-miljømerket, er ei vare. Gebyret skal fastsetjast på grunnlag av leveringsprisen, når produktet er knytt til tenesteyting.

Høgste årlege gebyr skal vere 25 000 euro per produktgruppe per søkjar.

Når det gjeld små og mellomstore føretak, svært små føretak eller søkjarar frå utviklingsland, skal det årlege gebyret reduserast med minst 25 %.

Det årlege gebyret omfattar ikkje kostnader i samband med prøvingar, kontrollar og eventuelle inspeksjonar på staden som kan krevjast. Søkjarane skal sjølve betale kostnadene i samband med slike prøvingar, kontrollar og inspeksjonar.

## 3. Inspeksjonsgebyr

Det rette organet kan påleggje eit inspeksjonsgebyr.

## Vedlegg 2

# Avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/2014 av 8. april 2014 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «EØS-avtala», særleg artikkel 98, og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 om endring av vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket<sup>1</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2013/641/EU av 7. november 2013 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til vassklosett og urinal<sup>2</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2a (europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 66/2010) vert følgjande lagt til:

«, endret ved:

- **32013 R 0782:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 (EUT L 219 av 15.8.2013, s. 26).»

2. Etter nr. 2zi (kommisjonsavgjerd 2013/250/EU) skal nytt nr. 2zj lyde:

«2zj. **32013 D 0641:** Kommisjonsavgjerd 2013/641/EU 7. november 2013 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til vassklosett og urinal (EUT L 299 av 9.11.2013, s. 38).»

### Artikkel 2

Teksta til forordning (EU) nr. 782/2013 og avgjerd 2013/641/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

### Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. april 2014, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>3</sup>.

### Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 8. april 2014.

For EØS-komiteen  
*Gianluca Grippa*  
Formann

<sup>1</sup> TEU L 219 av 15.8.2013, s. 26.

<sup>2</sup> TEU L 299 av 9.11.2013, s. 38.

<sup>3</sup> Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

